

Aktivitetsplan 2007

Arrangement:	Dato:	Ansv:
Stormfestival2006		Johan kallar inn
Vaskedugnad	15. jan	Erling
NM-tur	9. til 11. feb	Roar Ståle
Øvingshelg:	16. til 18. feb	Musikkutval
Årsmøte:	27. mar	Styret
Dugnad Gravdal	12. mai	Husnemnd
17. mai	17. mai	Styret
Dugnad	2. jun	Husnemnd
Øvingshelg/konsert	13. til 15. apr	Musikkutval
Drøm:	9. eller 23. jun	Johan
Øvingstart:	21. aug	Musikkutval
Øvingshelg:	14. til 16. sep	Musikkutval
Basar:	21. okt	Styret
Øvingshelg:	16. til 18. nov	Musikkutval
Julegrantenning	2. des	Styret
Julekonsert	16. des	Musikkutval
Juletreffest	27. des	Komite
Nyttårskonsert.	5. jan	Komite

Har du lyst å spele i korps? Har du lyst, eller kjenner du nokon som har lyst til å vere med å spele i Torskangerpoll Musikklag, så er det berre å ta kontakt med dirigenten, eller nokon i styret, eller du kan berre møte opp ein tirsdag på Frelsesarmeen i Måløy klokka 19.30 då det er øving. Vi har plass til alle.



På kryss og tvers med VG

Prøv VG-kryss Vannrett:

- 1: Snill
- 5: Kutt
- 6: Ikke falsk

Loddrett:

- 1: Kjemme
- 2: Ikke fattig
- 3: Økt
- 4: Fryse

	1	2	3	4
1				
5				
6				

Godt nyttår Vredens Gnag



Informasjonsavis for Torskangerpoll Musikklag

Dr. 1

14. årgang

Laussal: Gratis

Januar/februar 2007

Svingande konsert



Anders, gjesteartis Alexander Pavelich (over), Joakim og Nikolas (t.h.) gjorde alle sitt til at nyttårskonserten vart ein stor suksess. Vi fekk mykje skryt. Stormklang og Vedvik Brass var gjesteinnslag. I denne utgåva av Vredens Gnag kan du sjå bilder frå konserten.



www.torskangerpoll.no

Fold det gamle merke.....



Torsdag 28. desember var det stor stemning og mykje folk i grendehuset i Vågsvåg.

Frelsesarmeen med Inger Osmundsvaag Furnes og Ester og Alf Låstad var med å sette sitt flotte preg på den flotte festen. Og taket letta nesten når folk sang "Fold det gamle merket ut, ja fold det ut". Til venstre ser vi Leon som prøver hatten til Låstad. Og kven veit. Kanskje blir det han som er med å leier allsangen rundt treet om nokre år. Under ser vi Våge Nisseorkester i sving.



Knallsuksess igjen

Nyttårskonserteren lørdag 6. januar i Samfunnshallen vart ein ny knallsuksess.

250 betalande kvitterte med ståande trampeklapp. Vi fekk skryt for solistane, musikkvalet, og at vi krydra konserten med godt humør og glimt i auge. Dei to gjesteartistane, Tiffany Huston og Alexander Standal Pavelich gjorde ein kjempefin jobb. Det

gjorde resten av korpset og dei andre solistane. Vi hadde og eit flott innslag med Stormklang og Vedvik Brass med sin dirigent, Roar Ståle Vedvik, som hadde ei avdeling midt i konserten. Dei slutta av med "Stakkars store sterke kara", eit humørfyllt innslag om livet i det militære.



Dirigent Lisbeth Helen Våge og Torskangerpoll Musikklag har all grunn til å vere nøgd med opplegget. Etter konserten var 80 med på fest med nydeleig god mat oppe i kafeteriaen. Det vart ein fin fest, med fleire planlagde og ikkjeplanlagde innslag. Alle foto: Hans Ole Færestrand.

